



SMOGAKAMPEN VEGLAG SA
Hausdalsvegen 372
5229 KALANDSEIDET

Vår referanse: 2018/24499-85
Saksbehandler: Kjetil Andre Rødland
Dato: 5. november 2024
Deres ref.:

Tilleggsøyving Smogakampveien

Me syner til søknad om tilleggsøyving, sendt 17.10.2024.

De har gjort greie for at den omlagde traseen av vegen som følge av Statsforvaltaren i Vestland si siste godkjenning i saka og Sigbjørn Fjelltveit sitt kjøp av naboeigedom har gjort at vegen no er 100 meter lenger enn opphavleg planlagd. Den siste godkjenninga av trasé vart fatta av Statsforvaltaren i Vestland 14.06.2023, og 28.05.2024 gav også Statsforvaltaren i Vestland eit utsatt frist om ferdigstilling til 01.10.2024. Med ein godkjend pris på 2000 kroner pr meter gjev dette 200 000 kroner i ekstra kostnader.

Det pågår no arbeid på ei strekning på 500 meter, for å få bygd vegen i den godkjende traseen. 400 meter av desse er den opphavlege delen av vegen, men eit godkjent kostnadsgrunnlag på 600 kroner pr meter. Ved ferdigstillinga var de nøydde til å byta entreprenør, og ny kostnad pr meter er no 2000 kroner. $400 \text{ meter} \times (2000 - 600) \text{ kroner per meter} = 560\,000 \text{ kroner}$.

Vurdering

Samla meirkostnad som det no vert søkt om tilleggsøyving for er 760 000 kroner. Tidlegare er det løyvd 60 % av godkjende kostnader på vegen. Bergen kommune meiner at det som er gjort greie for er ekstra kostnader knytt til lengre veg på ny løysing enn opphavleg planlagd, og meirkostnader knytt til byte av entreprenør. Dette er ikkje kostnader knytt til etablering av ulovlege vegar, men den auken i kostnader som skuldast at vegen vert etablert i ein trasé godkjent av Statsforvaltaren etter at det har kome inn ny entreprenør på veganlegget.

Bergen kommune vurderer difor at det kan gjevast tilskot til desse ekstra kostnadene. De har formidla til oss at planen er å bygga ferdig vegen og gjera den klar til grusing i løpet dette kalenderåret, og grusa vegen våren 2025. Vår vurdering er at dette kan vera ein fornuftig framdriftsplan. Men dette forutset at Statsforvaltaren i Vestland gjev forlenga byggefrist. Veglaget må difor søkja til Statsforvaltaren i Vestland om forlenga frist for ferdigstilling.

60 % av 760 000 kroner er 456 000 kroner. For inneverande år har Bergen kommune disponibelt 353 174 kroner i tilskot til skogsvegar. Bergen kommune kan løyve denne summen, men kan ikkje gå ut over tilgjengeleg ramme.

Vedtak

Bergen kommune løyver kr 353.174,- som tilleggsøyving til Smogakampveien. Dersom Bergen kommune får tildelt meir tilskotsmidlar til skogsvegbygging i 2025, vil ein vurdere å gje ei ny løyving slik at samla tilleggsøyving er 456 000 kroner. Dersom kommunen ikkje får meir midlar til skogsvegar, har ein ikkje økonomiske forpliktelsar til veglaget.

Vilkår

- Øvrige vilkår i dei tidlegare vedtaka om tilskot og byggeløyve gjeld framleis
- For at vedtaket om tilskot skal bli gjeldande, må veglaget få ny ferdigstillingsfrist på vegen frå Statsforvaltaren i Vestland. Utan slik forlenging, vil løyvinga bli trekt inn utan varsel
- Løyvinga blir ståande så lenge ein ny ferdigstillingsfrist ikkje er utløpt, men kan ikkje stå lenger enn til 31.05.2025.
- Det vert tatt atterhald om at kommunen, statsforvaltaren eller riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane har skjedd i tråd med føresetnadene for tilskotet.
- Tilsette knytt til offentlege landbruks- og miljøvernstyresmakter har, når dei er på tenestereiser i dei områda vegen dekker, rett til avgiftsfri bruk av vegar som har fått tilskot.

Utbetaling

- Løyvinga vert ståande til seinast 31.05.2025
- Det skal førast fullstendig rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag
- Delar av tilskotet kan betalast ut etterkvar som arbeidet med vegen går framover
- Det vert halde att minimum kr 200.000,- av samla tilskot fram til veganlegget er endeleg godkjent og først då kan sluttutbetalinga gjennomførast.

Orientering om klagerett:

Det er anledning til å klage på vedtaket. Klagefrist er 3 uker fra denne meldingen er mottatt. Klagen sendes til Bergen kommune, Seksjon for næring og landbruk, pb. 7700, 5020 Bergen, e-post seksjonfornaeringoglandbruk@bergen.kommune.no. Klagen blir lagt frem for Byråd for næring, kultur og idrett før den eventuelt blir sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland som er klageinstans. For nærmere orientering om klageretten viser vi til vedlagt klageskjema.

Med hilsen
Seksjon for næring og landbruk

Gisle Nondal - Seksjonsleiar
Kjetil André Rødland - Seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: Sigbjørn Fjellveit, Statsforvaltaren i Vestland

Melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak	
Klagerett Fvl. § 28	Den som er part eller har rettslig klageinteresse, har rett til å klage over avgjørelsen/vedtaket.
Hvem kan det klages til Fvl. § 28	Klagen kan rettes til overordnet forvaltningsorgan som er Statsforvalteren i Vestland. Klagen sendes til: Bergen kommune, Seksjon for næring og landbruk, Postboks 7700, 5020 Bergen
Klagefrist Fvl. §§ 29, 30, 31	Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag underretningen om vedtaket kom frem til vedkommende part. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt innen fristens utløp. Dersom klagen kommer inn etter fristens utløp vil den bli avvist. Klagen kan imidlertid tas under behandling når det foreligger særlige grunner, som tilsier at klagen blir prøvd. Det må derfor opplyses om årsaken til forsinkelsen. En klage som er avgjort av Statsforvalteren, kan ikke påklages videre.
Rett til å kreve begrunnelse Fvl. §§ 24 og 25	Dersom en part mener at vedtaket ikke er begrunnet, kan det settes frem krav om det. Slik krav må fremsettes innen klagefristen utløp. Klagefristen blir i så fall avbrutt og ny frist begynner å løpe fra den dag begrunnelsen er kommet frem til klager.
Klagens innhold Fvl. § 32	I klagen må det nevnes det vedtaket som det klages over og hva som ønskes endret. Den må begrunnes og for øvrig vise til de momenter som kan være relevante for bedømmelsen av saken. Klagen må undertegnes av klager eller hans fullmektig.
Utsetting av gjennomføring av vedtaket Fvl. §§ 31 og 42	Selv om partene har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. Det er imidlertid gitt adgang til å søke om å få utsatt iverksettingen av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvalteren kan på selvstendig grunnlag ta stilling til begjæring om utsettende virkning.
Rett til å se sakens dokumenter og kreve veiledning Fvl. § 11	Med visse begrensninger har partene rett til å se dokumentene i saken. Det må ved et slikt ønske tas kontakt med Seksjon for næring og landbruk på telefon 55 56 55 56. Man kan også få nærmere veiledning om adgangen til å klage og den videre saksbehandlingen.
Kostnader ved klagen Fvl. § 36	Det kan søkes om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjelder imidlertid visse inntekts- og formuesgrenser. Statsforvalterens kontor eller advokat kan gi nærmere veiledning. Det er også adgang til å kreve dekning for vesentlige kostnader i forbindelse med klagesaken, f. eks advokatbistand. Dette forutsetter vanligvis at underinstansen har gjort en saksbehandlingsfeil som fører til endring av vedtaket. Klageinstansen vil kunne orientere om retten til å kreve slik dekning.